

Aure kommune

Postboks 33

6689 Aure

## **Høyringsuttale frå Folkeaksjonen mot vindkraftverk i Aure til kommuneplan samfunnsdel 2021 -2033.**

Folkeaksjonen viser til utlagde dokumenter på saka frå kommunen med svarfrist 16.04.21.  
Etter gjennomgang ønskjer vi no å koma med våre merknader til planforslaget:

Forslaget til ny kommuneplan, samfunnssdelen beskriv da 4 hovudsatsingsområde som er:

- **Berekraftig utvikling, energi- og klimaplanlegging**
- **Levekår**
- **Infrastruktur og samferdsel**
- **Vekstkraftige lokalsamfunn og arealforvaltning**

Av fororda i plana går det fram at Aure kommune skal bli ein føregangskommune for samarbeid og involvering og gjennom dette skapa vekstkraft, verdiskaping og optimisme.

Visionen for kommunen si utvikling bygger på: **Berekraft og samarbeid.**

Viktige vurderinger for å kunne følga visjonen i denne plana, vil slik vi ser det, vera å verdsetta den mest sårbare naturen først, når arbeidet med ei ny delplan startar. Naturen i kommunen betyr mykje for oss alle. Vi er med rette stolt av å kunne visa den fram slik den er. Om kommunen skal lykkast med målsettingane som no skal ta høgde for ein strengare nasjonal klimapolitikk, må vi ha naturen med oss frå første stund.

I samband med vår tidlegare sendte høyringsuttale om nasjonal ramme for vindkraft til NVE 17.09. 2019 der Aure var med, analyseområde 23, laga vi ei samanstilling av aktivitetane og verdiane som skapast og som ville blitt satt i spill om nemnte plan hadde blitt gjennomført. (tema FRILUFTSLIV/ REISELIV/ TURISME/ NATURVERDIAR). Nemnte høyringsuttale vedleggas dokumentet.

- **Berekraftig utvikling, energi- og klimaplanlegging**
- Resultatet av folkeavstemminga om ja eller nei til vindturbinar på Skardsøya 9 sept.2019 vart 70% nei. Dette var eit klart svar frå folket i kommunen om at vindkraft ikkje er ønska.

Folkeaksjonen er da glad for at kommunen i sin høyringsuttale til NVE i k-møte 03.10.19, sak 47/ 19, er kritiske til utsendt forslag om nasjonal ramme for vindkraft, og ikkje vil samtykke til dispensasjon frå arealplan sin LNF -status for bygging av vindkraftverk i den inneverande

kommunestyreperioden (2019-23). Likeins vil kommunen oppmoda NVE om å trekka Njordr sin søknad om konsesjon på vindkraftverk på Skardsøya. I staden ønskjer kommunen å satsa på annan utsleppsfri energiproduksjon som (havvind, småskala vannkraft) og i tillegg satse på energisparing /effektivisering) for å få ned forbruket.

Ut frå dei opplysningsane Folkeaksjonen seinare har fått frå NVE har dei fått inn ein søknad frå NJORDR om bygging av vindturbinar på Skardsøya. Den er no lagt til side i lag med andre uavklarte søknader som kom inn før fristen gjekk ut i 2019.

Med referanse til gjennomført folkeavstemming, resultat av denne og påfølgande kommunale vedtak meiner Folkeaksjonen mot vindkraft at både folket sin haldning til vindkraft (folkeavstemminga) må refererast i plana, ut frå at den og legg ein tydeleg premiss for framtidig energi- og klimaplanlegging i kommunen. At folkeavstemminga blir referert må bli sett på som ein naturleg konsekvens av at berekraftsmål nr.17(samarbeid for å nå måla) og er overordna dei andre i den plana som no skal utarbeidast.

For å kunne sikra framtida mot landbaserte vindturbinar i Aurenaturen ønskjer vi følgande tekst om vindkraft inn i det nye plandokumentet: «Aure kommune ønskjer ikkje vindkraft i kommunen og vil heller ikkje gå inn i forhandlingar med potensielle utbyggjarar. Kommunen vil bekrefte Aure sitt standpunkt til NEI til vindkraft i alle potensielle høyringar. Dette i samsvar med folkeavstemminga i kommunen 09.09.2019».

- **Levekår**

Vi registrerer at Aure- den nest største hyttekommunen i Møre og Romsdal (1486 hytter/ fritidsbustadar i 2019) under avsnittet **-dagens situasjon**, blir nemt i det heile. Dei som har bygd hytter/fritidshus i kommunen kunne med fordel vore tatt inn i dokumentet, da dette er ein stor og viktig del av innbyggjarane i Auresamfunnet- no i dag og i åra som kjem. Dei gir og eit betydeleg årleg bidrag til lokalt næringsliv.(Iflg. hytteundersøkelsen 2016 – estimert beløp 109 mill.kr).

Kommunen sin mange deltidsboarar representerer både eit viktig økonomisk grunnlag for ein betydeleg del av næringslivet i kommunen, og også ein ressurs på andre område som med fordel kunne blitt involvert sterkare i kommunal planlegging. Også dette ser vi på som ein naturleg konsekvens av plana si overordna målsetting om at det er gjennom samarbeid vi skal nå dei underliggende måla i plana.

- **Vekstkraftige lokalsamfunn og arealforvaltning**

Her vil vi og visa til punktet om temaet(**levekår**) og igjen vektlegga at Aure er i ein unik situasjon som har tilnærma like mange deltidsboarar som faste innbyggjarar. Dette er eit potensiale som kommunen må ta på alvor i si framtidige planlegging. Samfunnet er i dag eit anna enn berre for få år sidan, med ein heilt annan mobilitet blant folk. Breiband, fleksibilitet i arbeidslivet m.m. gjør at stadig fleire oppheld seg i lengre tid på fritidsbustadane sine. Desse vil da naturleg nok knyta seg sterkare til kommunen over tid og da få ei tilknyting lik den som dei fastbuande har. Forsking viser at gjennom auka bruk av fritidsbustadar får deltidsboarane ei meire permanent tilnærming til kommunen der fritidsbustaden er lokalisert, enn mobile turistar har(Ericsson et al, 2010, s.36).

Større etterspørsel av tilbod og tenester fører til auka sysselsetting i lokale tenester ,betre omsetning og forteneste hos handelsstanden, og eit større og meire variert tilbod av varer , tenester og spesielle tilbod( Farstad & Almås, 2009, s.2-3). Dette er noko som kjem heile kommunen til gode. Fokuset må bli sterkare på å utnytta deltidsboarane si tilhøyring til hyttekommunen og få meire tilbake som gagnar bygda i positiv retning.